



## Heidal skule 2017/18 – 2020/21

### Vår visjon:

*Heidal skule skal vera ein trygg og framtidsretta læringsarena for alle.  
Skulen skal gje elevane god allmennkunnskap på vegen inn i framtida.*

*«Lærande, utviklande, motiverande og trygt»  
«Vi skal samhandle, skape entusiasme og likeverd»*



### Sel kommune sin visjon:

*«SEL – Samhandling, entusiasme og likeverd»*

## 1.0 Innleiing

Heidal skule skal ha eit læringsmiljø som er inkluderande og som fremjar elevane sin tryggleik, helse, trivsel og læring. For at Heidal skule skal ta vare på og vidareutvikle eit godt læringsmiljø må skulen, saman med skuleeigar, drive eit systematisk, kontinuerlig og kunnskapsbasert arbeid som fremjar elevane si læring og utvikling. For å fremje eit godt læringsmiljø har Heidal skule seks fokusområde som er viktig når man skal utvikle og oppretthalde god læring og utvikling.

- Djubdelæring - Vurdering - Læringsplanar
- Læringsmiljø
- Grunnleggjande ferdigheit
- Internasjonalt arbeid
- Heidal og nærområde «Dalføre, kulturlandskap og fjell».
- Heidal skule «I den kulturelle verden».

## 1.1 Bakgrunn for verksemdplanen

Heidal skule har lokale styringsdokument som er styrande for verksemda både for elevar, foreldre, tilsette, assistentar, lærarar og skuleleiing. Alle desse lokale styringsdokumenta skal følgje opp kommunale og nasjonale styringsdokument.

Sel kommune har vedteke kvalitetsplanen «Saman om Sel - skulen for meir og betre læring» Kvalitetsplanen tek utgangspunkt i krav og mål i ulike nasjonale styringsdokument.

Nasjonale styringsdokument.

- Opplæringslova.
- Ludviksenutvalget «Fremtidens skole» NOU 2015:8
- Stortingsmelding nr.31 «Kvalitet i skolen» som gjev oss mål for kvaliteten i grunnopplæringa.
- Stortingsmelding nr.22 «Motivasjon – Mestring – Muligheter».
- Kunnskapsløftet – 06. Den generelle læreplanen som omhandlar menneske og prinsipp for opplæringa og dei spesifikke læreplanane som omhandlar formålet med faget og kompetansemåla.
- Rammeverk for grunnleggjande ferdigheit.

Kommunale styringsdokument.

- Kvalitetsplanen «Saman om Sel - skulen for meir og betre læring»
- Skuleplan for Sel kommune.
- Felles ordensreglement for skulane i Sel.
- Overgangsplan barneskule – ungdomsskule – vidaregåande skule.
- Språkopplæring for minoritetslevar.
- Folkehelseplan.

Lokale styringsdokument for Heidal skule

- Beredskapsplan ved Heidal skule
- Handlingsplan «Mot krenkjande åtfærd».
- Ordensreglement.
- Årshjul for kartlegging.
- Entreprenørskap i skulen.
- Kontaktlærarrolla ved Heidal skule.
- Kjenneteikn på god vurderingspraksis.

## 1.2 Slik skal Heidal skule framstå i neste 4 - års periode.

I løpet av perioden 2017 – 2021 skal Heidal skule framstå som ein moderne skule der elevar og lærarar i fellesskap utviklar og leverer kvalitet på alle skulen sine område. Det vil si at skulen skal framstå som ein trygg, utviklingsorientert og læringsorientert skule som er forutsigbar og kvalitetsbevisst. På denne måten skal elevar og foreldre FRAMSNACKE Heidal skule. Elevar ved Heidal skule skal vere stolte av skolen og elevene skal vite at skulen og dei saman har fått ut det beste i kvar enkelt.

- Skulens verdigrunnlag.  
Heidal skule skal framstå som ein moderne fellesskule som ynskjer å ta vare på og styrke verdiar i lokalsamfunnet og i det norske samfunnet. Samt ha eit ope blikk ut i verda. Skulen skal leggje vekt på eit inkluderande fellesskap, demokrati på alle nivå og full likestilling. Skulen har eit oppdrag å førebu elevane på framtida, og i framtida vil det bli stilt krav til faglig, sosial og kulturell kompetanse. Skulen skal ha samarbeid på alle nivå i skulekvardagen. Som skule skal vi difor støtte opp om og forfekte dei verdiane ein moderne, inkluderande og lærande skule er bygd opp rundt.

Dette skal Heidal skule stå for:

S – samhandle

Fellesskap, likeverd, demokrati.

E – entusiasme

Utvikling, læring, framsnakking.

L – likeverd

Likestilling, inkludering, samarbeid.

## 2.0 Skulen sitt arbeid med fokusområde

Skulen sitt resultatmål skal følgje kommune si målsetting i kvalitetsplanen «Saman om Sel-skolene for meir og betre læring».

### **Heidal skule si målsetting:**

På nasjonale prøver i 5.klasse skal ingen elevar vere på meistringsnivå 1. Unntak kan vere elevar med sakkyndig uttale.

Elevar skal ha ein læringsprogresjon på nasjonale prøver frå 5.klasse til 8.klasse.

På nasjonale prøver i rekning og lesing skal elevane ha en gjennomsnittleg framgang på 10 % frå 8. til 9.kl. Framgangen blir rekna utifrå skalapoeng.

Heidal skule skal ha 41 grunnskulepoeng i gjennomsnitt.

### • **Grunnleggjande kompetanse.**

#### **Rekning og matematikk**

- Skape ei felles forståing for at målet med skolens matematikk- og rekneundervisning er å utvikle eleven si heilheitlege matematiske forståing.

#### **Tiltak:**

- Utvikle rutine for vedlikehald av opparbeidd kompetanse. Faggrupper på skulen.
- Utarbeide kompetanseplanar for kvart trinn og 2 – 4 læringsplanar i matematikk kvar termin.
- Matematikkens dag – 1 dag kvart skuleår. Oppstart 2017/18. Matteseksjonen ansvarlig.
- PZ-matte: 2 timar kvar veke for elevar i 9. og 10.klasse. Det er ikkje faste grupper. Elevar som ikkje har PZ-matte har P- rekning

#### **Lesing – auke grunnleggjande ferdigheiter i lesing.**

#### **Tiltak:**

- Gjennomføre lesekurs frå 3.klasse til 7.klasse etter resultat på nasjonale prøver og andre kartleggingsprøver. Kartlegging før og etter gjennomføringa av lesekursera.
- Kartlegging skal førast i VOKAL

- Ha lesetimar i alle klasser frå 3.kl – 10.klasse. 1 – 3 timar kvar veke.
- Ha egne timer for bruk av biblioteket.
- Ope bibliotek i nokre matfri.
- Alle skal være leseleærarar – bruk av lese og læringsstrategiar ved Heidal skule.

***Skriving – auke skrivekompetansen til elevane.***

***Tiltak:***

- Bruk av tenkjesskriving - lære prinsippa om tenkjesskriving i alle fag
- Bruk av læringsstrategiar
- Bruk av fagspesifikk prestasjonsskriving.
  - Byggje kunnskap, modelltekst, konstruksjon/dekonstruksjon, respons/vurdering, revisjon, språkvask, ferdigstilling →vurdering.
- Skrivning skal vere i ein kontekst.

***Digital kompetanse – auke digital kompetanse.***

***Tiltak:***

- ***«Onedrive» Skybasert lagring av dokument. Frå 5.klasse.***
- ***Digital læringsbok i alle fag. I basisfag og munnlege frå 5. – 7.klasse. I alle fag på ungdomsskulen.***
- ***Alle elevar på ungdomsskulen skal ha berbar PC tilgjengeleg på skulen.***
- ***Læringsplattorm. Bruk av It`learning. Tilgang til vurdering, læringsressursar, læringsplanar, vekeplanar. På ungdomsskulen skal vekeplanar berre delast ut digitalt.***

• **Djubdelføring – vurdering - læringsplanar**

**Målsetting:**

- Betre vurderingspraksis handlar om å vidareutvikle ein vurderingskultur som fremje læring og utvikling.
- Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei, dei skal få attendemelding som seier noko om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen. Elevar skal få ros og dei skal få råd om forbetningspotensialet, samt at dei skal involverast i lærings – og vurderingsarbeidet.
- Djubdelføring handlar om å arbeide med kompetanse over tid, gje elevane ros og råd slik at kompetanse til den einskilde blir utvikla.

***Tiltak:***

- Alle elevar har ein vekeplan som konkret fortel dei kva dei har i lekse og kva tema dei har i timane.
- Alle elevar frå 3.kl – 7.kl skal i norsk(lesing og skrivning), matematikk og engelsk arbeide ut frå ein læringsplan der tema, innhald, mål, læringsstrategiar, læringsressursar, kriterier og vurdering er kjent.
- Alle elevar frå 8.kl – 10.kl skal i alle fag, arbeide ut frå ein læringsplan der tema, tidsbruk, innhald, mål, læringsstrategiar, læringsressursar, kriterier og vurdering er kjent.
- Alle elevar skal ha ei vurderingsportefølgje. I 1. – 7.kl gjeld det faga norsk(skriving og lesing), matematikk, engelsk, IKT, orden og åtferd. Frå 8. – 10.kl gjeld det alle fag. Terminkarakteren skal ha skriftleg grunngeving på It`learning.
- Skulen skal kvart år vurdere eigen praksis

- **Betre læringsmiljø**

- Målsetting:**

- Betre læringsmiljø handlar om å utvikle eit godt og inkluderande læringsmiljø som fremjar eleven si helse, trivsel og læring.
    - Elevar skal kvar termin arbeide med 1 eller 2 tverrfaglege temaarbeid som er på tvers av klassegrupper.
    - Skulen og lærarane skal ha nulltoleranse for krenkjande åtferd.
    - Elever skal møte lærarar som evner å lede klasser og undervisningsforløpet.
    - Lærarar skal vere proaktive i møte med elevar.
    - Lærarar skal skape positive relasjonar mellom elev – lærer.
    - Lærarar skal skape positive relasjonar mellom elevar og kultur for læring.

- Tiltak:**

- Skulen skal gjennomføre minimum 2 store fellesarrangement kvar termin for heile skulen som skal vere lærande og samlande for skulemiljøet.
      - Eit av desse arrangementa skal vere ein FYSAK-tur med uteservering.
      - Skulen skal ha felles skulelunsj før påske. Nest siste fredag før påske skal 1 – 10.kl ha felles lunsj, servert og laga av 9.klasse Mat og helse. Heidal skule skal kvart år arrangere HEIDALIADÉ – vinter. Aldersblanda grupper med skiaktivitetar.
      - Fellesarrangement 1.-4.kl, 5.-7.kl og 8.-10.kl i desember
    - Klasseråd skal gjennomførast kvar 14. dag der klassemiljø og skulemiljø skal vere eit gjennomgåande tema.
    - Kontaktlærarar skal vere med på alle MOT sine besøk i klassene
    - Skulen skal ta kontakt med heimen dersom noko skjer – informasjonsplikt.

- **Internasjonalt arbeid**

- Målsetting:**

- 1.– 4.kl arbeider saman på aldersblanda grupper.**

- 5. – 7.kl arbeider saman på aldersblanda grupper.**

- 8. – 10.kl arbeider saman på aldersblanda grupper.**

- Heidal skule skal lære om internasjonalisering
    - Heidal skule skal kvart år ha en internasjonal veke der internasjonalisering, berekraftig utvikling, solidaritet, toleranse, likeverd og respekt er nøkkelbegrep. Fleire årstrinn skal arbeide saman. Oppstart skuleåret 2017/18.
    - Heidal skule skal kvart år vere med på OD.
    - Økt fokus på bruk av framandspråk,

- Tiltak:**

- internasjonalt kjøken i internasjonal uke. 9.klasse har ansvaret. Maten skal serverast til dei andre elevane ved skulen.
    - Temaarbeid om internasjonalt arbeid
    - Bruk av framandspråk i andre fag.
    - Internasjonal veke.

- **Dalføre, kulturlandskap og fjell – Heidal, Sel kommune og nærrområde.**

**Målsetjing:**

Skulen skal fremje gleda over naturen og fysisk aktivitet. Skulen skal gje elevane kunnskap om det å bruke og leve i eit fjellområde som både er majestetisk og sårbart. Elevane skal få kjennskap til næringsutvikling, kultur, natur og tradisjon i fjellområda rundt Heidal og i Sel kommune. Elevane skal drøfte omgrepet « berekraftig utvikling» i høve til næringsutvikling i nærområdet vårt. Elevane skal få innsikt i korleis dalføret, kulturlandskapet og fjellheimen er brukt gjennom historia og korleis framtidige generasjonar skal forvalte desse. Dette skal skje i samarbeid med dei andre skulane i Sel.

**Tiltak:**

- **1. – 4. kl:**

Utelunsj, vår

Bli kjende i nærmiljøet

Utstilling med tekst og bilete frå nærmiljøet

- **5. – 7. kl**

Utelunsj, haust 7.kl. Overnatting i lavvo.

5. – 7. kl: Skriveoppgåva «Identitet».

- **8. – 10. kl:**

Bli kjende med Heidal – «dalføre, bygd og samfunn»

Utelunsj, haust.

8. kl: Tur til Rudihø, «Vis meg bygda di»

9. kl: Glitterheim, tur til Galdhøpiggen /Heidalsmuen.

10. kl : Ekskursjon til Bjølstadvatnet, foredrag om berekraftig utvikling, rafting i Sjoa, tur til Galdhøpiggen /Heidalsmuen , tur til Trondheim.

- **Heidal skule i den kulturelle verda**

**Målsetjing:**

Elevane skal få eit profesjonelt kunst – og kulturtilbod gjennom Den Kulturelle Skulesekken.

Elevane skal få moglegheita til å sette opp og delta i ein eller fleire førestillingar/utstillingar kvart år.

**Tiltak:**

- Jamlege besøk av den Kulturelle Skulesekken.

- Musikk – og dramaførestillingar kvart år knytt til musikkfaget og valfaget produksjon for sal og scene på ungdomsskulen.

- Arrangere kulturkveld, onsdag siste veka i april.

- Kunstutstilling i kantina. 2 – 4 gonger kvart år stiller alle trinn ut det dei har laga i faget kunst – og handverk. Utstilling ved elevar som har valfaget design og redesign på ungdomsskulen.



*Heidal skule skal vera ein trygg og framtidsretta læringsarena for alle.  
Skulen skal gje elevane god allmennkunnskap på vegen inn i framtida.  
«Lærande, utviklande, motiverande og trygt»  
«Vi skal samhandle, skape entusiasme og likeverd»*

### **HEIDAL SKULE HAR NULLTOLERANSE MOT KRENKENDE ATFERD**

